



Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal-/samfunnsplanavd.

P.b 7310

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3594 - 15/19072

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

22.10.2015

Høyring - søknad om dispensasjon frå plankrav i kommuneplanens arealDEL for utfylling i sjø mellom gbnr 1/57 og gbnr 1/284..

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad frå Framo Flatøy AS v/Multiconsult AS om dispensasjon frå plankrav i
kommuneplanen sin arealDEL – for utfylling i sjø mellom gbnr 1/57 og gbnr 1/284 på Flatøy.

I skriv frå Multiconsult AS dagsett 15.10.2015 står det m.a.: *utfylling i Kjeldevika*. Administrasjonen gjer for
ordens skuld merksam på at Kjeldevika er ein del av område mellom gbnr 1/57 og gbnr 1/284.

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealDEL avsett til industri/næring med plankrav om regulering.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshaver søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealDEL, sjå vedlegg.
For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Nabovarsling:

Naboane er varsle og det er per dags dato ikkje kome merknader.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealDEL er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. I § 1-1 i plan-og
bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for
den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispesert frå, eller omsyna i lova
sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn
ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på
konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

regionale mål.

Kommunen bør ikke gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Frist:

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanadv. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist for uttale er 4 veker fra oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon fra plankrav gitt i kommuneplanens arealdel

Ref.nr. 143594, 1418800, Utfylling i Kjeldevika, søknad om di

Situasjonskart

Brev fra kommunal og Moderniseringsdepartementet

Brev fra Meland kommune

Utsendt nabovarsel

1-57